

## Referat frå styremøtet 10.04.24

Hos Kirsti Flatø

Til stades: Palma Ommundsen, Kirsten Langvik, Kirsti Flatø, Janneke Wijergangs og Margrete Tytlandsvik

### **Sak 1. Gamalt dekketøy.**

Det viser seg at Bygdekvinnelaget er medeigar i eit stort lager av dekketøy som me ikkje nå har bruk for. Det er greit for laget at f.eks skulane som måtte ha behov for dette, kan ta det dei treng. Det som vert att, skulle kulturkontoret finna ein lagringsplass til.

### **Sak 2. Kva har hendt sidan sist møte.**

Det har vore nettmøte om prosjektet «Nøysom» som laga kan søkja om støtte til dersom ein vil laga arrangement innan tema her. Hjelmeland bk kjem ikkje å gjera noko aktivt nå, men vil vera obs på tema i prosjektet; 1) Matsvinn, 2) Dyrk sjølv, 3) Miljøvenleg og kjemikaliefri heim og 4) Kva er det lurt å kunne lage og reparere sjølv.

Palma og Janneke har vore på Kommunen sitt kontaktforum. Eit tema var om det skal arrangerast nytt Frivilligtorg der frivillige organisasjonar viser seg fram. Sist år var slikt møte, var det mangelfullt frammøte av interesserte publikumar. Kulturkontoret vurderar kva som skal skje vidare.

Ryfest. Hbk har sendt melding om ynskje om å selja vaflar.

Sankefestivalen. Hbk har ikkje fått info frå dei ennå. I fjar deltok Hbk ikkje.

21.09.24 Fister bygdedag. Kirsti har ansvar frå Hbk.

### **Sak 3. Hbk sine innkjøpsrutinar**

Palma undersøkjer om det går an å få tilgang til å handla på faktura på Coop Ekstra. Elles er det greit å kjøpa evt. blomar på «Lett blanding».

### **Sak 4. Husmannsplassen, Ånen Holmen i Fundingsland.**

Hbk har sagt seg interssert i å vaska ut og rydda huset.

### **Sak 5. Sponkorgkurset.**

Janneke tar kontakt med Åsmund Sigmundsstad for hjelp til distribusjon av info om kurset.

### **Sak 6. Haustens program.**

Styret har byrja arbeidet med programmet.

Harry Breiland har takka ja til å fortelja om oppveksten sin, både på Waisenhuset og i Gåsdalen 02.10.24. Han har tidlegare medverka i intervju og personlege skriftlege forteljingar om sine erfaringar og opplevingar.

Julemøte. Hbk vil oppfordra medlemmene på Randøy til å ta ansvar for arrangementet. Fleire har sagt at dei kan vera med i komiteen.

Julepåleggslaging. Aud Torunn Eide har sagt ja til å ha denne kvelden.

Årsmøte. Ein må finna eit interessant program slik at det møter opp mange medlemmer.

Margrete Tytlandsvik, ref.